

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga
Drammensveien 288
Postboks 578
1327 LYSAKER

Dykkar ref

Vår ref
22/5552-

Dato
20. juni 2023

Revidert nasjonalbudsjett 2023, kap. 271 post 01 og 21. Supplerande tildelingsbrev til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga.

Vi viser til at Stortinget i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2023 har vedteke tilleggsløyvingar og omprioriteringar på Kunnskapsdepartementets område jf. Innst. 490 S (2022–2023) og Prop. 118 S (2022–2023).

Vi viser også til det ordinære tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) datert 20. desember 2022. Vidare viser vi til supplerande tilskotsbrev datert 19. oktober 2022 om analyseoppdrag.

1. Ekstraordinær pris- og lønnsjustering og kompensasjon for auke i arbeidsgivaravgift

Mål og føring for tildelinga

Midlane skal kompensere NOKUT for ekstraordinær lønns- og prisjustering i 2023 slik at ein unngår utilsikta redusert aktivitet. Tildelinga skal også kompensere statlege arbeidsgivarar for mellombels auke i arbeidsgivaravgift på inntekt over 750 000 kroner.

Beløp

Kunnskapsdepartementet stiller med dette 1,37 mill. kroner til disposisjon for NOKUT for å kompensere for lønns- og prisjustering og mellombels auke i arbeidsgivaravgift i 2023. Midlane blir stilte til disposisjon for NOKUT på kapittel og post som vist i tabellen nedanfor.

Kap. og post	Lønns- og prisjustering, beløp i kroner	Arbeidsgivaravgift, beløp i kroner
271. 01	1 053 000	218 000
271. 21	84 000	17 000

2. Tilleggsløyving til arbeid med akkreditering, omstilling m.m.

Mål og føring for tildelinga

Midlane skal nyttast til arbeidet med å etablere institusjonsakkreditering i høgare yrkesfagleg utdanning, handtere restansen av søknader om akkreditering av nye fagskuleutdanningar og dekke omstillingskostnader i verksemda.

Beløp

Kunnskapsdepartementet stiller med dette 3,5 mill. kroner til disposisjon for NOKUT som skal nyttast til mellom anna arbeidet med akkreditering og omstilling. Midlane blir stilte til disposisjon for NOKUT på kapittel 271, post 01.

3. Overføring av midlar frå 2022 til 2023

Mål og føring for tildelinga

Som ein del av evalueringa av grunnskulelærarutdanningane (GLU) for trinn 1-7 og 5-10, skal NOKUT gjennomføre analyse av forskingskompetansen og forskingsproduksjonen i grunnskulelærarutdanningane, innanfor barnevern, sosialt arbeid og vernepleie og eventuelt sjukepleiarutdanningane.

Beløp

Kunnskapsdepartementet stiller med dette 800 000 kroner til disposisjon for NOKUT som skal nyttast til analysen. Midlane blir stilte til disposisjon for NOKUT på kapittel 275, post 21.

4. Krav til rapportering

NOKUT skal rapportere om bruk av midlane i årsrapport for 2023 som skal sendast til Kunnskapsdepartementet, postmottak@kd.dep.no, innan 15. mars 2024.

Rapporteringa skal beskrive oppnådde mål og resultat av tiltaka og bekrefte at midlane er nytta i samsvar med føresetnadene for tildelinga.

Med helsing

Hedda Huseby (e.f.)
avdelingsdirektør

Maria Elise Rød
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Riksrevisjonen